

Samarbeidsavtale mellom Osterøy kommune og Osterøy idrettsråd.

1. Bakgrunn og mål med avtalen

Kommunen og idretten har eit felles mål om å stimulera og leggja til rette, slik at alle kan vera fysisk aktiv i nærmiljøet og ta del i organiserte aktivitetar.

Målet med avtalen mellom Osterøy kommune og Osterøy idrettsråd er å styrkje det naudsynte samspelet mellom kommunen og den frivillige idretten. Avtalen skal bidra til å klargjera viktige prinsipp, gjensidige krav og forventningar.

2. Idrettsrådet sin formelle status i forhold til kommunen

Idrettsrådet er eit samordningsorgan for idretten i Osterøy kommune, vald av- og blant idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er eit organ for den frivillige idrettsbevegelsen knytt til Norges idrettsforbund og olympiske komité og skal arbeida ihht til gjeldande lovar og reglar som er vedtatt på idrettstinget. Idrettsrådet representerer alle lag i Osterøy kommune som er tilslutta NIF.

Idrettsrådet fungerer som eit rådgivande organ i forhold til kommunale saker som vedrører idretten i kommunen. Idrettsrådet skal sjå heilskapen i idrettslivet i kommunen og informera kommunen om sine synspunkt. Idrettsrådet skal rutinemessig få tilsendt saker som omhandlar utbygging av bustadområder/endra disponering av areal, til høyring.

3. Samarbeidet

Osterøy idrettsråd er dei lokale idrettslaga sin interesseorganisasjon.

Idrettsrådet skal vurdere søknadar om anlegg/nybygg frå idrettslaga og foreta prioriteringar av ulike typar anlegg, som innspel til rullering av handlingsprogram til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Idrettsrådet mottar søknadar om drift- og vedlikehaldsmidlar frå laga og førebur desse til sakshandsaming. Kommunen har ansvar for sakshandsaminga. Idrettsrådet vurderar søknadane, set opp eit forslag, og sendar forslaget til kommunen. Inntil 2 % av drift- og vedlikehaldsmidlane kan verta nytta til drift av idrettsrådet.

Det er eit hovudprinsipp at saker klubbane ønskjer å fremja til kommunen, og som er av prinsipiell karakter, skal leggjast fram for idrettsrådet til uttale. Ein eventuell uttale frå idrettsrådet skal følgja saka og liggja til grunn for administrative eller politiske vedtak.

Dette hindrar likevel ikkje at idrettsråd og kommune kan avtala at ei sak vert handsama gjennom direkte kontakt mellom idrettslag og kommune.

Idrettsrådet kan òg medverke i saker i Osterøy kommune på andre måtar, til dømes ved å vera representert i arbeids- og prosjektgrupper. Idrettsrådet er òg kommunen sitt kontaktpunkt ut mot idretten og koordinerande ledd ved samarbeidsprosjekt og tiltak.

All kommunikasjon mellom Osterøy kommune og Osterøy idrettsråd skal vera open og basert på gjensidig tillit.

Høyringsrett:

Osterøy idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten.

Administrative og politiske møte:

Kommuneadministrasjonen har høve til å vera representert og møte i idrettsrådet som observatør. Det er ynskjeleg at kommunen er representert på årsmøtet til idrettsrådet. Minst to gongar per år skal idrettsrådet kallast inn til møte for å drøfte forhold for idrett i kommunen. Det er ynskjeleg med eitt møte i løpet av april/mai og eitt i august/september, og det er kommunen som kallar inn til desse møta.


Informasjonsmøte:


Dersom det skjer store endringar/omleggingar av til dømes tilskotsordningar, skal Osterøy kommune informera idrettsrådet.

4. Revisjon/oppseiing av avtalen

Partane kan endra avtalen dersom dei er samde om det, og skal i fellesskap gå gjennom og evaluera avtalen årleg. Kvar av partane kan sei opp avtalen, men må varsle om dette 6 månader på førehand.

Osterøy 6/6...2023


Osterøy kommune


Osterøy idrettsråd